



Ing K Dømbe
Litleåsvegen 49
5132 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3466 - 23/54052

Saksbehandlar:
Lars Ottar Sagstad
lars.ottar.sagstad@alver.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 445/36 Manger nedre

Tiltak: Søknad om rammeløyve
Byggjestad: Gbnr: 445/36
Tiltakshavar: Kvalheim Eiendom As
Ansvarleg søkjar: Ing K Dømbe

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.06.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vilkår i rammeløyve er ikkje oppfylt

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå reguleringsplan planid.: 12602005000100 Hesthaugen nord – gnr. 45 bnr. 36 m. fl. for oppføring av 4-mannsbustad, 6-mannsbustad med utvendige sportsboder og frå reguleringsplan planid.: 12602007000800 Manger sentrum på følgjande vilkår:

1. **Avkøyrsla til fylkesveg 525 skal utbetrast i samsvar med gjeldande krav frå Vestland Fylkeskommune, avdeling for Infrastruktur og veg (INV), sett i uttale datert 28.06.2022. Avkøyrsla skal stette krava til avkøyrsla i veglova §§40-43, samt vegnormal N100. Siktzone skal vere iht. Vegnormalen N100.**
 2. **Regulerte fortau som vist i reguleringsplankart skal etablerast i samsvar med kommuneplan for Radøy 2011-2023 punkt 2.3.1 tilkomstveg til bygning og punkt 2.8 krav til universell utforming. Fortau skal vere utforma etter Veg- og gateutforming Handbok N100.**
 3. **Uteopphaldsareal FG1 og FG2 skal vere opparbeidd og tilrettelagt for opphald og leik. FG1 og FG2 skal vere opparbeid med minst to leikeapparat, bord og benkar. (jf. Punkt 2.9 krav til uteopphaldsareal og leikeplass i Kommuneplan for Radøy 2011-2023.)**
2. **3. Tekniske teikningar for avkøyrslpunkt skal sendast Vestland Fylkeskommune for gjennomgang før det vert gjeve igangsetjingsløyve.**

Kommunen ber om at dokumentasjon på oppfylte vilkår vert sendt inn samla innan 28.08.2023.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Lars Ottar Sagstad
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ing K Dømbe
Kvalheim Eiendom As

Litleåsvegen 49
Postboks 1

5132 NYBORG
5931 MANGER